

EKSAMENSINSTRUKS for Bømlo kommune

– lokalt gitt eksamen med inntil 48 timars førebuing.

Eksamen varar til vanleg *25 minutt* pr.elev, men kan vara *inntil* 30 minutt pr. elev

[Fto § 3.29](#)

1. Generelle føringar

- Elevar i grunnopplæringa som har individuell opplæringsplan, skal vurderast etter dei samla kompetansemåla i læreplanen for faget. [Fto §3.17](#)
- Elevar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven så langt råd er. [Fto §3.32](#)

Eksamen er delt i to hovuddelar:

2. Presentasjon – (inntil 10 min).

- Særlege forhold for faget matematikk; i presentasjonsdelen skal det takast omsyn til fagets eigenart og at ein ikkje automatisk kan nytta fordelinga 30/70.
- Presentasjonen kan avbrytast når faglærer/sensor ser at eleven(ane) ikkje får vist sitt beste.
- Elevane vert gjort merksame på tida, til dømes når det står igjen 2 minutt av presentasjonstida. Slik varsling vert avtala mellom sensor og faglærer, og elevane vert minna om det ved eksamensstart.
- Dersom presentasjonen går ut over tidsramma, kan sensor setja strek for presentasjonen.
- Disposisjonen/momentlista kan leggjast fram for faglærer og sensor. Sensor kan ikkje be eleven leggja bort notatarka. Tavla, lysark, IKT, bilete eller gjenstandar bør brukast for å illustrera stoffet. [Fto §3.31](#)
- Dersom det under presentasjonen skulle oppstå teknisk svikt ved skulen sitt utstyr, eller utstyr elevane har skaffa, skal elevane likevel vera budde på å kunna leggja fram arbeidet sitt.
- Skulle ein av elevane i eit par/gruppe bli sjuk, må heile oppgåva framførast individuelt eller av resten av gruppa. Sensor og faglærer må ta omsyn til dette i forhold til tidsbruk. Tida må tilpassast om det er ein elev eller to elevar igjen.

3. Samtale - (inntil 20 min).

Resten av eksamenstida vil bli brukt til ein vidare samtale om tema/område med utgangspunkt i presentasjonen - inntil 20 min pr. elev.

- Alle aktuelle kompetansemål kan bli trekte inn i samtalen. [Fto § 3.3](#)
- Samtalen kan derfor gå djupare inn i tema/område enn det som er lagt opp til i presentasjonen.
- Faglærer er eksaminator ved gjennomføringa.
- Sensor kan delta i samtalen med utdjupande spørsmål. Graden av deltaking skal diskuterast og avtalast med eksaminator på førehand.
- Både sensor og faglærer har plikt til å bidra til god kommunikasjon og godt samarbeid for å skapa tryggleik for elevane.

- Det kan vera aktuelt å gradvis gå over til andre emne som vedrører tema/område, men ein kan ikkje brått stilla spørsmål om noko heilt anna for å kontrollera at eleven kan ”pensum”.

Vurdering

- Eleven må kjenna til vurderingskriteria på førehand Det bør nyttast vurderingskriterium utarbeidde av skulen. Fto §3.1
- Elevane skal vurderast individuelt i tråd med kompetansemåla i faget, jfr FtO § 3-25.
- Førebuingsdelen på inntil to dagar, skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget. Det er eleven sin kompetanse under eksamen som skal vurderast. Fto § 3.29
- Sensor1(ekstern sensor) og sensor2(faglærer) drøftar den totale presentasjonen. Dei vurderer presentasjonen i forhold til kva måloppnåing eleven viser i samtalen. I utgangspunktet skal presentasjonen telja inntil 30% og samtalen inntil 70%, men dette kan justerast dersom det er stort sprik mellom presentasjon og samtale.
- Dersom sensorane ikkje vert samde om karakteren, er det sensor1 som tek den endelege avgjerda om karakter. Fto § 3.29
- Om det gjennom drøfting av prestasjonen kjem fram moment som gjer det vanskeleg for sensor å ta ei endeleg avgjerd om karakteren, kan eleven(ane) kallast inn att. I par/gruppe skal alltid begge/alle deltakarar kallast inn på nytt. Dette skal skje straks – før karakteren vert fastsett.
- Karakteren skal setjast og opplysast etter kvart (individuelt/par/gruppe).